



Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 04.09.2018

Møtested: Kommunestyresalen

Møtetid: 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordførar
Jostein Borlaug	AP	Varaordførar
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Vidar Grindheim	H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Saksliste

Saksnr	Tittel
045/2018	Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsmøte i styringsgruppa
046/2018	Kommunen som samfunnsbyggar - MOT-avtale
047/2018	Krafttak for ungdom - brev til ordførarane i Hordaland
048/2018	Påskjøning tilsette i Radøy kommune - oversendingsframlegg
049/2018	Tilskot til 17. mai-feiring
050/2018	Søknad om drosjeløyve - uttale
051/2018	Søknad om serveringsløyve - Pizzabakeren Meland - serveringsvogn

- 052/2018 Tiltak mot sosial dumping - oppfølging av spørsmål i Spørjetimen
- 053/2018 Prosjekt felles barnevern i Radøy,Lindås og Meland - samarbeidsavtale
- 054/2018 Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
- 055/2018 Småbarnsavdeling Austebygd barnehage
- 056/2018 Turløype på Manger - lyssetting
- 057/2018 Meldingar og referatsaker

045/2018: Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsmøte i styringsgruppa

Behandling:

Leiar for teknisk forvaltning orienterte om planarbeidet, status og vidare framdrift.

Planen sine dokument og kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet vart presentert, og formannskapet diskuterte innhaldet i planskildring, kart og føresegner. Formannskapet var nøgd med arbeidet som er utført, og konkluderte med at planarbeidet svarar på dei tema som er vedteke i planprogrammet. Dokumenta vert no ferdigstilt for vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn på møte i oktober.

Formannskapet drøfta saka som styringsgruppe for kommuneplan-revisjonen. Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

046/2018: Kommunen som samfunnsbyggjar - MOT-avtale

Behandling:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om MOT og MOT-programmet "Kommunen som samfunnsbyggjar". Radøy ungdomsskule har alt inngått avtale med organisasjonen. MOT-programmet har fokus på å skapa robust ungdom som tar eigne val. Det vert lagt vekt på at opplæringa skal gje elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å ta gode val i livet. Sosial læring og utvikling og folkehelse og livsmeistring er sentral begrep i programmet. Kommunalsjefen viste til gode resultat frå MOT-satsinga. Mellom anna er det dokumentert at programmet fører til mindre hyppig mobbing, fleire ansvar- og verdibeviste ungdomar, mindre rusmisbruk og meir mot, bevisstgjering og positive haldningar. Det er også færre ungdom utan ein einaste ven, og det blir eit meir inkluderande skolemiljø.

Kommunalsjefen viste til at MOT-programma er forankra i nasjonale føringer som Opplæringslova, overordna del av læreplanen, regjeringa sin strategiplan for god psykisk helse, "Mestre hele livet", og Stortinget si folkehelsemelding.

Formannskapet gav uttrykk for store forventningar til MOT-programmet og gir full tilslutning til at Radøy kommune inngår MOT-avtalen "Kommunen som samfunnsbyggjar".

Vedtak:

Radøy kommune inngår MOT-avtalen «Kommunen som samfunnsbyggjar».). Rådmannen inngår avtalen på vegne av Radøy kommune med MOT Norge.

047/2018: Krafttak for ungdom - brev til ordførarane i Hordaland

Behandling:

Ordførar Jon Askeland informerte om at han har sendt eit brev til Stormberg-gründaren Steinar J. Olsen og gitt uttrykk for at formannskapet heiar på initiativet og tiltaket han presenterer i oppfordringa til ordførarane i Hordaland, "Krafttak for ungdom". Radøy-ordføraren peika i brevet også på den satsinga som vert gjort innanfor ungdomsarbeid i kommunen, og ba samstundes om gode råd om korleis ein kan gå vidare med dei utfordringane Stormberg-gründaren kom med i brevet.

Formannskapet drøfta saka, og konstaterer at det på bakgrunn av tilbakemelding frå Steinar J. Olsen ikkje er grunnlag for å følgja opp saka vidare i denne omgang.

Vedtak:

Utfordringa knytt til "Krafttak for ungdom" vert ikkje følgd opp vidare i denne omgang.

048/2018: Påskjøning tilsette i Radøy kommune - oversendingsframlegg

Behandling:

Rådmann Jarle Landås meiner ei ordning med frukt til dei ulike tenestestadane ein gong i månaden, kan vera ein grei måte å gje dei tilsette i kommunen ei påskjøning etter gode driftsresultat i Radøy kommune over fleire år.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:

Det vert innført ei ordning med frukt til dei ulike tenestestadane ein gong i månaden ut 2019.

Vedtak:

Det vert innført ei ordning med frukt til dei ulike tenestestadane ein gong i månaden ut 2019.

049/2018: Tilskot til 17. mai-feiring

Behandling:

Formannskapet drøfta tilbakemeldingar med tilskotsordninga til kjøp av utstyr til 17. mai-arrangement i krinsane. FAU ved Sæbø skule har overtatt brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag, og har søkt om å få denne investeringa dekka gjennom tilskotsordninga.

Formannskapet har tidlegare påpeika at tilskot til kjøp av brukta utstyr, som i dette tilfelle frå Sæbø skulemusikklag til FAU ved Sæbø skule, ikkje er i samsvar med intensjonen med ordninga, og det kom også til uttrykk i dette møtet.

Else Marie Dale Skartveit (KrF) meiner det må vera fornuftig å gje tilskot også til kjøp av bruk utstyr. Formannskapet konstaterer at retningslinene kunne vore tydelegare.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:

FAU ved Sæbø skule får 5000 kroner i tilskot til kjøp av bruk utstyr.

Framlegg sett fram i møtet vart samråystes vedteke.

Vedtak:

FAU ved Sæbø skule får 5000 kroner i tilskot til kjøp av bruk utstyr.

050/2018: Søknad om drosjeløyve - uttale

Behandling:

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg:

Radøy kommune støttar søknaden frå Nordhordland taxisentral om at det vert oppretta to reservaløyve i sentralen.

Formannskapet vedtok samråystes framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune støttar søknaden frå Nordhordland taxisentral om at det vert oppretta to reservaløyve i sentralen.

051/2018: Søknad om serveringsløyve - Pizzabakeren Meland - serveringsvogn

Behandling:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

Løyvehavar: Moldekleivmarka 21 AS, Aksjeselskap, org.nr. 915 268 572

Dagleg leiar: Bente Steine Lindvik f. 14.01.69

Stad: Radøy kommune, Pizzabakeren serveringsvogn

Plassering av serveringsvogna gjeld for heile Radøy kommune.

Dette har som vilkår at det til ei kvar tid ligg føre avtale og godkjenning frå grunneigar der serveringsvogna er plassert, samt at plassering av vogn ikkje er i konflikt med føringar frå politi og

trafikketat.

Løyvehavar pliktar å melda frå til kommunen dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett.

052/2018: Tiltak mot sosial dumping - oppfølging av spørsmål i Spørjetimen

Behandling:

Formannskapet ser positivt på engasjementet mot sosial dumping, men meiner at rette adresse for dette vil vera Alver kommune.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:

Formannskapet ser positivt på engasjementet for å motvirka sosial dumping og oppmodar Alver kommune om å ta problemstillinga på største alvor.

Formannskapet vedtok samråystes framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Formannskapet ser positivt på engasjementet for å motvirka sosial dumping og oppmodar Alver kommune om å ta problemstillinga på største alvor.

053/2018: Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

Behandling:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

054/2018: Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø
2016-2026

Behandling:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Handlingsplanen for idrett-, friluftsliv- og nærmiljø 2018 – 2022 vert vedteke slik den ligg føre.

055/2018: Småbarnsavdeling Austebygd barnehage

Behandling:

Rådmann Jarle Landås orienterte om saka og viste til at kommunestyret i budsjett for 2018 har lagt inn 3 mill. kroner til bygging av småbarnsavdeling i Austebygd. Norconsult har i sitt arbeid med prosjektet gitt tilbakemeldingar på problemstillingar knytt til skulen og barnehagen.

Formannskapet gav i møte 7. juni 2018 uttrykk for uro over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg, og ba rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.

Rådmannen la fram grovkalkylar som viser at kostnaden med ei småbarnsavdeling kan koma på 6.250.000 mill. - medrekna etablering av uteområde og leikapparat. I tillegg vil det vera kostnadskrevjande utfordringar knytt til tilkomst, lærarplassar, skulen sitt uteområde og generelt krav om universel utforming.

Rådmannen skisserte eit alternativ med å legga til rette for småbarnsplassar i eksisterande bygningsmasse, men fleire småbarn vil redusera talet på reelle plassar. Han peika på at dette alternativet vil medføra kostnader utan at det gir ei heilskapleg framtidsløysing.

På bestilling frå formannskapet har rådmannen gjort ei behovsvurdering av småbarnsplassar i kommunen. I Austebygd barnehage er kapasiteten nytta, men det er ikkje barn på venteliste. Når utbygging av Solhall og Bø barnehage er ferdig, vil den totale ledige kapasiteten vera på ca 40 plassar (store barn og 20 småbarnsplassar). Rådmannen konkluderer med at utfrå ei totalvurdering av venta barnetal, etterspurnad/søkjartal og kapasitet i barnehagane slik det er i dag, ser han ikkje behov for å byggja ut småbarnsavdeling i Austebygd.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) synest det er viktig å leggja til rette for småbarnsforeldre og meiner ei utbygging av Austebygd barnehage vil vera viktig for å skapa levande bygder. Ho ser samtidig dilemmaet med den store kostnaden med ei utbygging, og ser at fleksible plassar (store og små barn) - som rådmannen peikar på, kan vera ei god løysing. Ho spurde om det kan vera ein tanke at kommunen kan stimulera til ei evt privat småbarns-løysing.

Vidar Grindheim (H) advara mot at kommunen oppmodar til ei privat utbygging på eit usikkert grunnlag, noko han fryktar kan resultera i dårleg driftsøkonomi både for kommunal og privat drift. Ordførar Jon Askeland peika på at barnehage-tilbodet i Austebygd barnehage - inkludert småbarnsplassar, er tilpassa dagens behov. Han meiner det er mogleg å gjera justeringar av tilbodet innanfor eksisterande areal.

Ordføraren sette fram følgjande fellesframlegg:

Formannskapet rår til at ein tilpassar barnehagetilbodet ved Austebygd barnehage til etterspørrselen innan dei tilgjengelege areaala.

Formannskapet føreset at areal, leikeapparat og inventar framstår som tidsmessige og tenlege, og ber rådmannen utarbeida kostnadsoverslag til budsjett 2019.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Formannskapet rår til at ein tilpassar barnehagetilbodet ved Austebygd barnehage til etterspørrselen innan dei tilgjengelege areaala.

Formannskapet føreset at areal, leikeapparat og inventar framstår som tidsmessige og tenlege, og ber rådmannen utarbeida kostnadsoverslag til budsjett 2019.

056/2018: Turløype på Manger - lyssetting

Behandling:

Kostnadsestimat for lyssetting vart ettersendt formannskapet på e-post.

Rådmannen meiner nye opplysningar om kostnader på godt over ein million kroner, vil det vera fornuftig å ta denne investeringa inn i budsjetthandsaminga for 2019.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande fellesframlegg:

Saka vert tatt inn i budsjetthandsaminga for 2019.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Saka vert tatt inn i budsjetthandsaminga for 2019.

057/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Orientering om sjukefråver: Personalsjef Kjetil Morken orienterte om sjukefråveret og tiltak som er sett inn for å redusera fråveret. Han peika på at sjukefråveret i 1. og 2. kvartal i 2018 har gått ned samanlikna med tilsvarende tal for same periode i fjor. Sjukefråveret i andre kvartal er på 9,9 prosent, noko personalsjefen konstaterer framleis er for høgt og høgare enn snitt i kommune-Norge. Personalsjefen orienterte om fleire tiltak om er sett igang for å følgja opp sjukemelde.

Formannskapet gav si tilslutning til måten det blir jobba på for å få ned sjukefråveret.

TV-aksjonen 2018: Ordførar Jon Askeland orienterte om årets TV-aksjon i NRK, som går til Kirkens Bymisjon sitt arbeid for å skapa eit varmare og inkluderande samfunn. Radøy kommune har hatt

tradisjon for å gje ca to kroner per innbyggjar som sitt pengebidrag til aksjonen.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg:

Radøy kommune gir kr 10 000 kroner til TV-aksjonen 2018.

Formannskapet vedtok samråystes framlegg sett fram i møtet.

Barnehage Solhall: Kirsti G. Floen (Ap) sa at folk er begynt å verta utolmodige etter ei endeleg avklaring om kor tid barnehagen på Bø skal flytta inn i Solhall-bygget på Manger. Rådmann Jarle Landås svara at det er planprosessen med ny barnehage på Bø som har tatt tid. Han viste til at regionale styresmakter har kome med fleire merknader til planen. Han sa at tilrettelegginga for barnehage i Solhall er under kontroll.

AUFERA: Ordførar Jon Askeland orienterte om AUFERA, og sa at verksemda framleis har stort behov for større lokale til drifta og ser seg om etter aktuelle bygg/tomt.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.
